



Saksframlegg

Stadfesting av planprogram - Rullering av kommuneplanen sin arealdel

Utval	Utvalssak	Møtedato
Kommunestyret		

Endeleg vedtaksrett i saka har: Kommunestyret

Dokument i saka:

Vedlegg

- 1 Innspel til kommuneplan
- 2 Beitebruksplan
- 3 Fråsegn - høring - kommuneplan - Fyresdal - rullering arealdel - planprogram.pdf
- 4 Fråsegn til offentleg ettersyn av planprogram og innspel til varsel om oppstart av kommuneplanen sin arealdel 2024-2036 - Fyresdal kommune.PDF
- 5 Fråsegn til planprogram for rullering av kommuneplanens sin arealdel - Fyresdal kommune.pdf
- 6 Beitebruksplan 2025.pdf
- 7 Innspill kommuneplan
- 8 NVEs uttale - Høyring og offentleg ettersyn - Planprogram - Rullering av kommuneplanen sin arealdel - Fyresdal kommune
- 9 Høyringssvar, rullering av arealdel. 2025.pdf
- 10 Planprog arealdel040325

Bakgrunn for saka:

Fyresdal kommunestyre vedtok i sak 40/24 19.11.2024 å leggje planprogram for rullering av kommuneplanen sin arealdel ut på høyring og offentleg ettersyn. Det vart samstundes opna for å kome med innspel til arbeidet.

Planprogrammet har vore til høyring og offentleg ettersyn i perioden 10.12.2024 til 10.02.2025

Det har kome 8 innspel til planprogrammet generelt og 7 innspel til nye eller endra arealbruk.

Totalt har vi 16 innspel til endra arealbruk, innrekna dei som vart sendt inn ved oppstart av rullering av kommuneplanen sin samfunnsdel i 2021 og 2022. Desse vil bli vurdert i denne prosessen.

Arealinnspela vil ikkje bli nærare omtal i denne saka, da vurdering av dei vil vere ein del av den vidare prosessen.

Innspela til planprogrammet ligg vedlagt saka.

Vurdering:

Saka er vurdert ut frå strategi i Kommuneplanen sin samfunnsdel Fyresdal kommune 2023-2035; Arealdel dekkjer alle satsingsområde i samfunnsdelen

Dei overordna innspela som har kome dekkjer både innspel til planprogrammet og til det vidare arbeidet med kommuneplanen sin arealdel. I det vidare vil essensen i innspela når det gjeld planprogrammet bli omtalt og kommentert, dei komplette innspela ligg vedlagt saka.

Statsforvalteren i Vestfold og Telemark har komme med fråsegn både til rulleringsprosessen og til planprogrammet. Fråsegn knytt til planprogrammet vil bli omtalt og kommentert her, resterande fråsegn som i stor grad handlar om kva omsyn som må innarbeidast i arealdelen vil bli omtalt i den vidare prosessen.

Dei ber om at FN sine berekraftsmål blir tatt inn i planprogrammet, med drøfting om kva dei betyr for arealdelen og korleis Fyresdal si arealplanlegging kan bidra til å nå måla.

Kommentar: Det blir lagt inn eit nytt avsnitt i planprogrammet som omhandlar FN sine berekraftsmål. Øvrig del av innspelet er teke til vitande og vil vere ein del av planarbeidet.

Telemark fylkeskommune har og ei fråsegn som omhandlar både planprogrammet og reguleringsprosessen. Ein vil her omtale og kommentere fråsegn knytt til planprogrammet. Dei seier at planprogrammet gir ei god oversikt over kva tema kommunen skal drøfte i planarbeidet. Dei saknar ein metode for siling av innspela. Det må gå tydeleg fram av planforslaget korleis innspel er vurdert og korleis silinga er utført. Dei minner elles om at medverknadsprosessen må komme tydeleg fram av sakspapira seinare. Når det gjeld kulturminne saknar dei ei konkretisering av kva og korleis dette skal utgreiast. Dei påpeikar vidare at det kan vere ukjende kulturminne og kulturmiljø som blir avdekte i prosessen og det er viktig at desse vert inkludert i arbeidet og vurdere. Dei har forslag til utgreiingskrav som kan takast inn i planprogrammet. Det bør gå tydeleg fram av planforslaget som sendast på høyring kva endringar som er gjorde i høve til gjeldande plan.

Kommentar: Dei saknar ein metode for siling av innspel. Planprogrammet listar opp kriterium innspela skal vurderast mot, det leggst inn eit kort avsnitt som omtalar korleis dette skal gjerast. Forslag til utgreiingskrav til planprogrammet konkretiserer korleis kulturminner og kulturmiljø skal utgreiast. Ingen utgreiingar eller tema i planprogrammet er konkretisert nærmare, ein vel derfor ikkje å legge desse inn i planprogrammet. Men forslaget vil bli brukt i det konkrete arbeidet. Øvrig del av innspelet er teke til vitande og vil vere ein del av planarbeidet.

Mattilsynet har innspel til planarbeidet men ingen bestemte punkt om tilføyningar eller endringar i planprogrammet. Dei er særskild opptatt av vassforsyning og trygt drikkevatt. Elles peikar dei på plantehelse og planteskadegjerarar samt fiskehelse.

Kommentar: innspelet er teke til vitande og vil vere ein del av det vidare planarbeidet.

Norges vassdrags og energidirektorat (NVE) har innspel både til planprogrammet og det vidare planarbeidet. Dei viser til Klimaprofil Telemark – Norsk klimaservicesenter som ei viktig føring i arbeidet med arealplanlegging. Vidare syner dei til sine verktøy og rettleiarar til bruk i planlegginga.

Kommentar: Klimaprofil Telemark – Norsk klimaservicesenter leggst inn som ei regional føring til planarbeidet. Øvrig del av innspelet er teke til vitande og vil vere ein del av planarbeidet.

Fyresdal bondelag, Fyresdal sau og geit og Vestheia Beitelag har alle kome med innspel knytt til behov for ein temaplan for beitebruk som del av kommuneplanen sin arealdel. Fokuset for temaplanen bør vere å sikre beiteareala i utmarka for framtida.

Landbruksnæringa har og i lengre tid ytra ynskje om ei rullering av kommunedelplan for næring, landbruk og busetjing 2015-2018, temaplan for beitebruk kunne og vore ein del av denne. Dei

ynskjer å sette fokus på dette for å syne at lokal matproduksjon på lokale ressursar er viktig og vil bli viktigare i framtida, både med tanke på beredskap og ivaretaking av arbeidsplassar.

Kommentar: Temaet er viktig og som det er eit forslag om passar nok ein beitebruksplan betre inn i kommunedelplan for næring, landbruk og busetjing. Ein kunne ynskt dette innspelet i prosessen for planstrategi for Fyresdal kommune i 2024. I planstrategien står Kommunedelplan for næring, landbruk og busetjing på lista for planar som skal rullerast med oppstart i 2025, planen er gitt nytt namn Temaplan næring og arbeidsliv (som oppfølging av samfunnsdelen).

John Kjell Lien peikar på planvask og at det å annullere planar som ikkje er teke i bruk er å take frå planeigar moglegheiten til framtidige inntekter. Gitt at kommunen ikkje er eit pressområde bør annullering av planar vere unødvendig. Det er også peikt på satsingsområde frå samsfunnsdelen og at ein ved å avgrense innspels moglegheiten til fortetting av eksisterande areal, ikkje følger opp strategi for areal, klima og miljø – Legge til rette for vidare utbygging av eksisterande og vurdere nye område for fritidsbustader. Vidare peikast det på Heiplanen og at retningslinjer i denne ikkje bør implementerast i arealdelen, fordi den fører til at ein ikkje får utført tiltak på eksisterande bygg i området.

Kommentar: Fyresdal har stor grad av eldre reguleringsplanar, 2/3 av reguleringsplanane som finns i kommunen er planlagt etter plan- og bygningsloven av 1985. Krava til ein reguleringsplan er skjerpa mykje dei seinare åra og dei eldre planane tilfredsstiller ikkje desse krava. Det er derfor god grunn til ein total gjennomgang av eksisterande planar og byggjeområde i kommuneplanen sin arealdel for å sjå til at ein ligg innafor dagens krav. Når det gjeld avgrensinga av innspelsmoglegheit i annonseringa av arbeidet med arealdelen, ser ein at det ikkje følgjer heilt opp satsingsområde i samfunnsdelen fullstendig. Det har i innspelsperioden ikkje vore førespurnader om område som ligg utafor det vi opna for i annonsen. Arealinnspel som kom inn når ein starta opp prosessen med samfunnsdelen vil bli vurdert i denne omgang. Det er peikt på at retningslinjer i Heiplanen ikkje bør implementerast i Arealdelen og at omsynssona bør nyanserast. Etter at Heiplanen vart vedteken i 2013 har villreinen fått eit sterkare vern nasjonalt og den er komen på raudlista. Vi kjem av den grunn ikkje utanom å ta omsyn til villreinen, dette må gjerast med bakgrunn i Heiplanen og vurderingar av kunnskap som er nyare enn Heiplanen. Ein vil knytte eigne føresegner og retningslinjer til område som avsettest til omsynssone for villrein i den nye arealdelen ikkje berre vise tilbake til Heiplanen sine retningslinjer.

Konklusjon:

Vurderinga av innspela til planprogrammet fører til desse endringane i planprogrammet.

- Etter innspel frå Statsforvaltaren er det lagt inn eit avsnitt som omhandlar FN sine berekraftsmål.
- Det er lagt til eit avsnitt som forklarar korleis innspela skal vurderast mot kriteria.
- Klimaprofil Telemark – Norsk klimaservicesenter leggst inn som ei regional føring til planarbeidet.

Elles nokre små justeringar i tema, alle endringar med raud tekst.

Innstilling frå kommunedirektøren:

I tråd med plan- og bygningslova §11-13 2. ledd stadfestast planprogram for kommuneplanens sin arealdel med dei endringar som er føreslått.

Ulf Pedersen	
Kommunedirektør	Mona Gundersen
	avdelingsingeniør